

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune

11 JUN 2018

REVISJONSUTTALE – Vonheim-kjøkken – ANLEGGSNR 1256004801

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 ”Avtalte kontrollhandlingar”. Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdera at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med Kultur-departementets retningslinjer i rundskriv V-0732.

Sum tilskuddsberettigede utgifter for anlegget pr. 01.06.2018 er kr 718 153.

Vi har utført følgjande kontrollhandlingar:

- a) at inntekter og kostnader vedkjem anlegget, medrekna at berre utgifter til element med rett til tilskot inngår som ein del av kostnadene med rett til tilskot
- b) at oppført sum for meirverdiavgift tilsvrar faktisk betalt meirverdiavgift
- c) at utgiftene er attesterte og tilviste av personar med dei naudsynte fullmaktene
- d) at inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er gjort frå den kontoen som er oppgitt for dette føremålet
- e) at det er eit klart skilje mellom byggerekneskapen for anlegget og drift
- f) at verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinene for verdsetjinga av desse postane og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen
- g) at dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppførte som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneshapen nedjusterte med tilsvarende sum
- h) at rekneshapsamandraget som vert sendt til fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneshapen
- i) at eventuell meirverdiavgift som gir rett til frådrag gjennom det ordinære mva-systemet, ikkje er med i søknadsbeløpet

Vi rapporterer våre funn nedanfor:

- a) Rapporterte kostnader vedkjem anlegget og består av utgifter som gir rett til tilskot etter V-0732.
- b) Oppført meirverdiavgift tilsvrar faktisk betalt meirverdiavgift.
- c) Utgiftene er attestert.
- d) Inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget er hovudsakleg gjort frå den kontoen som er oppgitt i søknaden.
- e) Vi har ikkje avdekkja driftskostnadar i dei bilaga som inngår i prosjektet.
- f) Oppført dugnad, gåver og rabattar er i samsvar med søknad. Dugnad er dokumentert med dugnadslister.
- g) Ingen merknadar.
- h) Rekneshapsamandraget er i samsvar med den kontrollerte rekneshapen.
- i) Søknadsbeløpet inneholder ikkje meirverdiavgift som gir rett til frådrag gjennom det ordinære mva-systemet.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av rekneskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Hordaland fylkeskommune, Meland kommune og anleggseigar.

Isdalstø, 04.06.2018

NORDHORDLAND REVISJON IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef

Gjenpart: Melande kommune, Ungdomslaget Von